



## ÅRSMELDING 2016-2017

### Styret har vore sammensett slik:

Leiar:	Anders Johansson
Kasserar:	Linda Rasmussen
Styremedlemmer:	Leif Juvik, Wenche Torgersen Nyborg, Reidar Dale
Revisor:	Kåre Kristiansen
Valkomite:	Bjørn Hauge og Frode Dyrstad

### Styremøte

To styremøte er avvikla denne sesongen. Elles held styret kontakt via e-post/telefon/Facebook.

### Spelekeldar

Det er blitt avvikla 37 spelekeldar, like mange som sesongen 2015/2016. I tillegg har vi arrangert, romjulsturnering og tre turneringar i forbindelse med klubbturen til Herdla i januar.

### Aktivitetsnivå

Oppmøtet på klubbkveldane denne sesongen er noko lågare enn forrige sesong. På dei 33 spelekeldane vi har hatt (pr. 30. april), som er rapportert gjennom Ruter, har det deltatt 320 par, noko sog gjer eit snitt på 9,7 par/kveld. Tilsvarande tal forrige sesong var 345 par på 30 spelekeldar; eit snitt på 11,5 par/kveld. Ein del av klubbens medlemmer er relativt aktive i turneringar utanom klubben. Sjå resultatoversikten sist i beretningen for resultata her.

### Medlemmer

Klubben har pr. utgongen av april 2017 34 registrerte medlemmer. Talet ved utgangen av april 2016 var 36.

### Bridgemate/meldebokser/kortdublering


Ingen endringar er gjort denne sesongen. Vi har fungerande bridgematar til 18 bord, ein server, ein printer, ei kortdubleringsmaskin og meldeboksar til ca 20 bord.

## Spelelokale

Alle spelekeldane denne sesongen er blitt spelt i Os Eldresenter. Styret har gjennom sesongen vurdert alternative spelestader. Både andreetasje i Kløvertun (Sanitetshuset) og Hannes Konditori (der Ingvar Lepsøe hadde fiskebutikk tidlegare) har vore vurdert. Styret kjem til bake med meir om dette på årsmøtet.

## "Grasrotandelen" og momskompensasjon

Grasrotandelen er framleis ei fantastisk inntektskjelde for klubben. 25 spelarar hos Norsk Tipping gav ved utgangen av 2016 sin andel til Os BK (23 spelarar ved utgangen av 2015). Til saman gav det 57 123 kroner til klubben (kr. 58 418 i 2015). Sidan klubben kom med i ordninga sommaren 2010 har Grasrotandelen, pr. utgangen av 2016 tilført klubben kr. 233 257.-. (sjå graf under)



Utviklinga av Grasrotandelen for Os BK 2010 - 2016. (Kjelde: Norsk Tipping).

I tillegg til Grasrotandelen søkte klubben våren 2016 for første gong om momskompensasjon, ei ordning der frivillige lag og organisasjonar kan søkja om kompensasjon for kostnader ein har hatt til meirverdiavgift. Like før jul 2016 kom det melding frå NBF at klubben var tildelt kr. 8 194,- i slik kompensasjon.

Begge ordningane gjev viktige bidrag til at klubben til dømes kan støtta juniorane, halda billege kurs og ha låg speleavgift på spelekeldane.

## Ungdoms-VM for lag

Sesongens store høgdepunkt kom nesten før han hadde starta, då VM for ungdom blei spelt i Salsomaggiore i Italia i perioden 3. - 13. august 2016. Noreg stilte med U-26 lag og jenter U-26 lag, og Thea Hauge spelte på det sistnemde laget.

Jentene spelte først alle mot alle, der dei åtte beste laga gjekk til kvartfinale.

Etter tolv harde kampar over 14 spel enda jentene på 6. plass. Dermed blei det kvartfinale, og USA valde Noreg som motstandar (dei fire beste i grunnspelet vel motstandar blant nummer 5 - 8 i grunnspelet).

Kvartfinalen, som gjekk over fire sesjonar á 14 spel, hadde jentene god kontroll på og vann til slutt 164-123. Dermed var semifinaleplassen sikra, og Nederland blei motstandar her.

Nederland, som hadde vore overlegne i turneringa, viste seg å vera for sterke denne gongen. Etter at tre av fire sesjonar var ferdigspelt hadde dei nederlandske jentene opparbeidd seg eit så stort forsprang at dei norske jentene valde å "kasta inn handkledet" og spa krefter til bronsefinalen dagen etter.

Motstandard i bronsefinalen blei Indonesia. Også denne kampen gjekk over fire sesjonar á 14 spel, og dei norske jentene opparbeidde ei god leiing før siste sesjon. I siste sesjon blei det i midlertid mykje stong ut, og leiinga som hadde verka så trygg skrumpa inn for kvart spel. For dei som sat og fulgte kampen på nett blei det "ein gysare" av dei skjeldne, Men heldigvis heldt det inn. Kampen enda med siger 138-134 til dei norske jentene, og bronsemedaljane var sikra.

Ei turnering som gjekk over all forventning, og for Os BK er det første gong eit medlem tek medalje i eit VM. Måtte det bli fleire i framtida.

Eit par bilete frå turneringa her:



Bronsejentene med medaljane rundt halsen. Frå venstre: Sofie Græsholt Sjødal, Thea Lucia Indrebø, Elisabeth Græsholt Sjødal (coach), Agnethe H. Kjensli, Sven-Olai Høyland (NPC), Katarina Eken og Thea Hove Hauge.



Ungdoms-VM i bridge er eit stort arrangement

### Simultanturneringar

Simultanturneringane er no ein fast del av programmet for mange klubbar. Vi har deltatt i alle som er blitt spelt på måndagar. Beste enkeltresultata denne sesongen blei Dag Christensen og Tor Anders Hauge som blei nummer 7 i turneringa som blei spelt 10. oktober. 193 par deltok den kvelden. Dessutan oppnådde Bjørn Hauge - Frode Dyrstad ein flott sjuande plass i landskampen som blei spelt mot Sverige 21. november (sjå eiga sak i avsnittet under). Bjørn og Frode blei òg best av våre par samanlagt med ein 42. Plass. Ca 5000 spelarar deltok i årets simultanturneringar.

### Landskamp mot Sverige

Måndag 21. november deltok vi i simultanlandskamp mot Sverige. Heile 991 par "stilte til start" og Bjørn Hauge - Frode Dyrstad fekk ei kjempefin plassering med sin sjuande plass. Dei neste på lista av våre blei Anders Johansson - Tor Anders Hauge nummer 98 og Anne Merete Heggland - Torhild Rasmussen nummer 247.

Denne spelekvelden hadde vi òg besøk av Os og Fusa TV som laga eit kjempefint innslag frå landskampen. Link til innslaget ligg blant anna på nettsida vår under arkiv. Her er adresse til innslaget: <http://www.osogfusa.no/konkurrerte-mot-sine-eigne-landsmenn>.

### MP-treff 2016

Sesongens MP-treff blei spelt måndag 5. desember med 295 deltagande par. Dei beste frå vår klubb denne gongen blei Leif Juvik - Kåre Aasen nummer 19, Ole Årland - Rune Fagerbakke nummer 22 og Anders Johansson - Tor Anders Hauge nummer 39.

### Os BK juleturnering

Den tradisjonsrike juleturneringa vår blei som vanleg spelt mellom jul og nyttår. Denne gongen var det vanskeleg å finna ein høveleg speledag, sidan jul- og nyttårsaftan fall på laurdag. Vi valte å prøva 2. juledag som speledag. Ein god del spelarar fell vekk på slike dagar, men likevel stilte 22 par til start. Vi hadde òg ny spelestad denne gongen, og Nore Neset Aktivitetshus viste seg å vera ein flott stad å arrangera bridgeturneringar.

Ei annan endring i forhold til tidlegare juleturneringar var matserveringa. Denne gongen køyrdet vi med høgare startkontigent enn tidlegare, men at kontigenten òg inkluderte kaffi og te heile dagen + varm mat omlag halvveis i turneringa. Tusen takk til Florence Østrem og Alida Hauge på kjøkenet, og ikkje minst Elisabeth Over for alt færarbeidet i forbindelse med dette.

Turneringa blei som vanleg leia på ein knirkefri måte av Leif Gunnar Kleppvik. Sidan vi denne gongen var 22 par hadde vi akkurat kort nok til at alle fekk møta alle (21 rundar à 2 spel).

Vinnarar av turneringa denne gongen blei Jim og Sven-Olai Høyland. Dei opparbeidde seg ganske fort ei klar leiing, og sjølv om det butta litt mot slutten hadde dei god klaring nedover. Kapmen om andrepllassen blei imidlertid svært jamn. Til slutt kneip Christian Bakke - Bjørn Olav Ekren den framfor Ann-Mari Mirkovic - Ole Kvamme på tredjepllass. Alle dei tre øvste på lista representerer Bergen Akademiske BK.

Beste ospar blei Tor Anders Hauge og Anders Johansson på fjerde plass. Sjå elles resultatdelen på slutten av beretningen for øvrige resultat frå turneringa.

Nokre biletet frå turneringa på Nore Neset 2. juledag her. Fleire biletet frå turneringa ligg på klubben si Facebook-side.



Vinnarane av juleturneringa 2016: Sven-Olai Høyland (t.v) og Jim Høyland.



Eit bilet frå salen vi spelte i på Nore Neset.



Florence Østrem og Alida Hauge laga flotte smørbrød og middag til alle under turneringa.

## Tur til Herdla

Tradisjonen tru arrangerte klubben tur til Herdla Gjestgiveri i byrjinga av det nye året. Turen denne sesongen gjekk helga 14. - 15. januar, og 16 personar var med denne gongen, like mange som forrige sesong.

Først på programmet stod lagturnering. Det blei spelt tre kampar (alle mot alle) à 16 spel, og vinnarar av denne turneringa blei "Lag Kate", med Kate Fauskanger, Berit Grimstad, Elisabeth Østrem og Leif Juvik på laget.

Etter middag blei det laurdag kveld spelt ei 20-spels singleturnering. Det var damene i klubben som var best i denne med Anne Merete Heggland på første plass, Laila Årland på andre og Gerd Nøttveit på tredje.

Helga blei avslutta med parturering søndag føremiddag. Denne gjekk over 21 spel og blei vunne av Torhild Rasmussen - Leif Juvik framfor Laila Årland - Anders Johansson og Anne Merete Heggland - Berit Grimstad på tredje plass.

Fullstendige resultatlister frå turneringane under resultatdelen sist i årsberetningen.

Klubbturane til Herdla har vore ein stor suksess kvart år. Klubben har alt booka Herdla Gjestgiveri same helga neste år, så for dei som ynskjer å vera med 13. - 14. januar 2018 er det berre å sei frå.

Nokre bilete frå turen følgjer her. Fleire bilete ligg på klubbens Facebook-side.



Alltid god mat å få på Herdla Gjestgiveri



Frå lagturneringa laurdag



Frokost i soloppgang, Anne Merete, Marit, Birgit og Kate



Reidar og kaffikoppen



Soloppgang

#### NM klubbar - CodanCup

Os stilte med to lag i sesongens NM for klubblag. Ingen av laga nådde denne gongen tredje runde. Resultat frå kampane med våre lag involvert under resultatdelen sist i årsberetningen.

#### Seriemesterskapet 2016 - 2017

Seriemeisterskapet blei som vanleg spelt over to helgar, ei på haustparten og ei på seinvinteret. I tillegg til å ha Stig Gamlemshaug på eit godt 2. divisjonslag hadde klubben denne gongen to lag i fjерdedivisjonsavdelinga som blei spelt i Bergen.

Stig Gamlemshaug på lag Treet var nær ved å gjera det heilt store denne gongen, då dei heilt fram til siste kamp i turneringa kjempa om opprykk til 1. divisjon. Dessverre held det ikkje heilt inn, og det enda 2. plass i avdelinga. Likevel ein flott prestasjon og det nærmaste eit medlem frå vår klubb nokon gong har vore å spela seg opp på øvste nivå.

I fjerdedivisjonsavdelinga i Bergen blei det og flotte resultat denne gongen. I den 14 lags store pulja gjekk lag Johansson, med Anders Johansson, Tor Anders Hauge, Rune Fagerbakke, Leif Juvik og Kåre Kristiansen på laget fort til tet og blei der like godt gjennom heile turneringa. Dermed blir det tredjedivisjon på laget neste sesong.

Lag Hauge, beståande av Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Carl-Otto Curran, Reidar Dale og Jørn Rekkum var og lenge med å kjempa om ein av dei tre opprykksbilettane, men det blei litt for lite poeng siste helga til å klara opprykk denne gongen. 6. plass blei det til slutt og dermed ein ny sesong i fjerdedivisjon.



Deler av laget som rykte opp til 3. divisjon denne sesongen. Frå venstre: Leif Juvik, Tor Anders Hauge og Anders Johansson. Kåre Kristiansen og Rune Fagerbakke var ikkje tilstades då biletet vart teke.

#### NM for damelag

For første gong klarte klubben denne gongen å stilla lag under NM for damelag. Når klubben først skulle stilla lag blei det ikkje berre med eitt lag, men med to. Dessutan stilte det norske jentelandslaget, med Thea Hauge på laget i turneringa, så klubben var godt representert.

Heile 38 lag stilte til start då turneringa blei spelt i Oslo helga 11. - 12. mars 2017. Sjølv om det ikkje resultatmessig blei det heilt store denne gongen blei det ei flott

bridgehelg for damene i Oslo. Vi håper å kunna stilla med fleire lag også neste sesong. Kanskje tre lag? Resultat og lagoppstillingar ligg under resultatdelen. Nokre bilete frå dame-NM her:



Flotte spelelokale i Oslo



Lokaloppgjer mellom Oz-jentene og Os-rosa under dame-NM 2017. Frå venstre; Tone Mikalsen, Berit Grimstad, Elisabeth Østrem og Kate Fauskanger.



Det andre bordet i lokaloppgjeret: Frå venstre: Linda Rasmussen, Torhild Rasmussen, Gerd Nøttveit og Anne Merete Heggland.



Ikkje berre bridge i Oslo. Anne Merete sjekkar menyen på ein Oslo-restaurant laurdagskvelden.

### Nordisk meisterskap for ungdomslag

Nordisk meisterskap for ungdomslag blei spelt på Harladsheim i Oslo påsken 2017. Thea Hauge og Carl-Otto Curran var begge tekne ut til å spela for Noreg denne gongen, Thea for Noreg u-21 og Carl-Otto på eit samansett lag som spelte utanom konkurransen mot u-16 og jenter u-26.

For Thea blei det eit resultatmessig svakt meisterskap denne gongen då laget ikkje nådde finalen og kampen om medaljane siste dag. Meisterskapet gav imidlertid mykje god trening og matching mot god motstand, noko som er viktig fram mot EM for ungdomslag som går i Slovakia komande sommar.

For Carl-Otto derimot blei det eit kjempemeisterskap. Heilt fram til langt ut i siste dag av meisterskapet hadde han og laget han spelte på reelle sjansar til å vinna pulja. Tap mot dei svenske u26-jentene i nest siste kamp gjorde at sigeren glapp denne gongen, men ein kjempefin tredjepllass blei det, bak dei svenske u26-jentene og det norske u16-laget som kneip andrepllassen.



Thea Hauge og Carl-Otto Curran.

### Klubbkamp mot Bergen Akademiske BK

Klubbkampen mot BAK blei ikkje spelt denne sesongen. Vi håper å ta opp igjen kampen neste sesong. Vi håper å ta opp at kampen mot BAK komande sesong.

### Servering

Kiosken har vore i drift heile sesongen med servering av vaflar, kaffi, pannekaker, brus ect. Vi takkar alle jentene for godt utført arbeid.

### Økonomi

Rekneskapet viser eit overskot på kr. 9 769.-. Dette er ca 2000,- kroner betre enn 2015/2016- sesongen. Momskompensasjon og Grasrotandelen er viktige bidrag til overskotet.

### Speleavgift

Vi har hatt kr. 50.- (25.-) i speleavgift denne sesongen. Dette er same speleavgifter som forrige sesong.

## Resultatoversikt

### 56. Internasjonale Baltic Congress Sopot, Polen, 22. - 30. juli 2016

Kveldsturnering 23. juli (226 par)

96. Stig Gamlemshaug - Anna Mandecka, Os/Polen

Kveldsturnering 26. juli (56 par)

42. Bjarte Haugland - Tor Anders Hauge, Austevoll BK/Os BK

Kveldsturnering 28. juli, IMP (130 par)

99. Elżbieta Kalińska - Tor Anders Hauge, Polen/Os BK

Kveldsturnering 29. juli (125 par)

8. Tor Anders Hauge - Bogusław Piotr Domaszewski, Os BK/Polen

---

### Juniorleiren 2016, 24. juli - 29. juli 2016, Fredrikstad

Singleturnering, 24. juli (36 spelarar)

13. Thea Hauge

18. Daniella Vedå Jordan Johannesen

35. Ariel Vedå Jordan Johannesen

IMP over feltet, 25. juli (18 par)

9. Katarina Eken - Thea Hove Hauge, Bergen Akademiske BK/Os BK

16. Nicoline Heiberg-Evenstad - Daniella Vedå Jordan Johannesen, Sørreisa BK/Os BK

Hovudturnering, 25 juli (19 par)

8. Marte Haugen Klingen - Thea Hove Hauge, Orkdal BK/Os BK

10. Ariel Vedå Jordan Johannessen - Peder Gjelten Lundheim, Os BK/Juniorbridge

14. Martine Hjelvik - Daniella Vedå Jordan Johannessen, BK Grand/Os BK

Lagturnering, 26. juli (7 lag)

4. Blindemannen; Madeleine Lindahl, Ariel Vedå Jordan Johannessen, Markus Lund, Jakob Nordvoll Johannessen; Målselv BK/Os BK/Heimdal BK/Sortland BK

7. The bridgebuilders; Daniella Vedå Jordan Johannessen, Magnus Sætre, Tyra Fosheim Eide, Linus Hjelvik; Os BK/Lyngseidet BK/Bergen Akademiske BK/BK Grand

Landskamp Noreg jenter - Nederland, 26. juli

Noreg jenter - Nederland 46.10 - 93.90

Det norske laget: Sofie Sjødal, Thea Indrebø, Thea Hove Hauge, Katarina Ekren, Agnete H. Kjensli; Nesodden BK/KGB Klyve-Gulset BK/Os BK/Bergen Akademiske BK/Nesodden BK

Lynbridge, 27. juli (18 par)

8. Hans Erik Eng - Thea Hove Hauge, Juniorbridge/Os BK

13. Ariel Vedå Jordan Johannessen - Jakob Nordvoll Johannessen, Os BK/Sortland BK

14. Daniella Vedå Jordan Johannessen - Ida Marie Øberg, Os BK/KGB Klyve-Gulset BK

Hinderbridge, 28. juli (18 par)

3. Edd Robert Stenbro - Thea Hove Hauge, Berkåk BK/Os BK

5. Marte Haugen Klingen - Ariel Vedå Jordan Johannessen, Orkdal BK/Os BK

10. Viljar Veines-Jensen - Daniella Vedå Jordan Johannessen, Sørreisa BK/Os BK

Butlerturnering, 28. juli (18 par)

4. Simen Sørlie Helgeby - Thea Hove Hauge, Holmestrand BK/Os BK

13. Ariel Vedå Jordan Johannessen - Christian Fredrik Johnsen, Os BK/Målselv BK

16. Kristine Bjørbekk Kjellin - Daniella Vedå Jordan Johannessen, KGB Klyve-Gulset BK/Os BK

---

Bridgefestivalen 2016, 29. juli - 7. august 2016, Kongstenhallen Fredrikstad

NM Mix par, 29. juli - 30. juli (181 par)

150. Laila Årland - Ole Årland

NM junior par, 29. juli - 30. juli (16 par)

7. Thea Hove Hauge - Marte Haugen Klingen, Os BK/Orkdal BK

NM Mix lag, 31. juli - 1. august (70 lag)

48. Pinky swear; Thea Hove Hauge, Katarina Eken, Marcus Andreas Scheie, Anders Holmen Gundersen/Os BK, Bergen Akademiske BK, BK Norrøna, Inderøy BK  
60. Laks og potet; Laila Årland, Ole Årland, Eivind Kandahl, Britt Helene Solvang/Os BK, Os BK, Åsen-Frosta BK, Åsen Frosta BK

Kveldsturnering 31. juli (30 par)

23. Ole Årland - Karl Johan Bjørn, Austevoll BK/Ås BK

---

Den svenske bridgefestivalen; 28. juli - 7. august 2016, Ørebro

Føremiddagsturnering tysdag 2. august (446 par)

320. Ole Årland - Laila Årland

Kveldsturnering tysdag 2. august (177 par)

91. Ole Årland - Laila Årland

Føremiddagsturnering onsdag 3. august (323 par)

140. Ole Årland - Laila Årland

Kveldsturnering onsdag 3. august (117 par)

64. Ole Årland - Laila Årland

Føremiddagsturnering torsdag 4. august (269 par)

220. Ole Årland - Laila Årland

Kveldsturnering torsdag 4. august (128 par)

6. Mats Olsson - Tor Anders Hauge, Uppsalabridgen/Os BK

104. Ole Årland - Laila Årland

Føremiddagsturnering fredag 5. august (234 par)

25. Ole Årland - Laila Årland

Ettermiddagsturnering fredag 5. august (74 par)

34. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

53. Elisabeth Over - Mikael Hallin, Os BK/Lindesberg BS, Sverige

Kveldsturnering fredag 5. august (54 par)

51. Ole Årland - Laila Årland

Føremiddagsturnering laurdag 6. august (157 par)

29. Ole Årland - Laila Årland

Ettermiddagsturnering laurdag 6. august (156 par, monrad)

33. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

80. Ole Årland - Laila Årland

Føremiddagsturnering søndag 7. August, "Guldgruvan, B-finale", (20 par)

15. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

---

Kragerø Cupen, Kragerø Videregående skole, 27. - 28. august 2016 (39 par)

28. Tor Anders Hauge - Anders Johansson

37. Elisabeth Over - Åse Bauge

---

Sommarbridge Åsane, mai - august 2016. Åsatun, samanlagt sluttresultat

B-gruppa

1. Inger Marie Johansen - Vilhelm Berge

---

Førde returneringa, Førde Hotell, 17. september 2016 (26 par)

26. Laila Årland - Ole Årland

---

NM par 2016, Clarion Ernst Hotell, Kristiansand 23. - 25. september 2016 (52 par)

26. Stig Gamlemshaug - Roger Træet, Os BK/Stord BK

---

Scandic Maritim Cup 2016, Scandic Maritim - Maritim Hall, Haugesund, (30. september) 1. - 2. oktober 2016

Fredag 30. september, velkomstturnering (15 par)

3. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

6. Ole Årland - Sølvi Remen, Austevoll BK/Bergen Akademiske BK

14. Elisabeth Østrem Over - Åse Bauge

Laurdag 1. oktober - søndag 2. oktober, lagturnering (26 lag)

18. Stabbs hjelte; Anders Johansson, Tor Anders Hauge, Leif Juvik, Kåre Kristiansen

26. Sammensatt 3+1; Ole Årland, Laila Årland, Elisabeth Østrem Over, Åse Bauge

---

## RondaneCup, Otta kulturhus Otta, 8. - 9. oktober 2016

Laurdag 8. oktober, parturnering (39 par)  
37. Ole Årland - Laila Årland

Søndag 9. oktober, lagturnering (21 lag)  
15. Gårdetsågårdet, Ole Årland, Laila Årland, Einar Øverli, Per Ove Haugaløkken, Austevoll BK, Austevoll BK, Otta BK, Otta BK

---

## NM klubblag, oktober 2016 - mai 2017 (231 lag)

Os 1: Bjørn Hauge, Jørn Rekkum, Dag Christensen, Reidar Dale, Joleiv Midttveit, Elisabeth Østrem Over  
Os 2: Anders Johansson, Tor Anders Hauge, Thea Hove Hauge, Stig Gamlemshaug, Leif Juvik, Kåre Kristiansen.

### Resultat 1. + 2. runde

	IMP	VP
Os BK 1 - Bergen Akademiske BK 1:	33 - 78	2,68 - 17,32
BK Strileknekten - Os BK 1:	31 - 64	4,09 - 15,91
Os BK 2 - Bergen Akademiske BK 5:	39 - 111	0,44 - 19,56
Os BK 2 - Samnanger BK 2	63 - 34	15,37 - 4,63

Ingen av Os-laga kvalifisert for tredje runde.

---

## Os BKs juleturnering, 26. desember 2016, Os (22 par)

4. Anders Johansson - Tor Anders Hauge
  8. Jørn Rekkum - Kåre Aasen
  13. Leif Juvik - Frode Dyrstad
  14. Reidar Dale - Carl-Otto Curran
  15. Bjørn Hauge - Thea Hove Hauge
  19. Åse Bauge - Elisabeth Over
  22. Kate Fauskanger - Linda Rasmussen; Bergen Akademiske BK/Os BK
- 

## Nyttårscuppen 2017, 7. - 8. januar 2017, Letohallen Jessheim (45 lag)

26. Norge jenter; Thea Hove Hauge, Katarina Eken, Thea Indrebø, Agnethe Hansen Kjensli, Sofie Græsholt Sjødal; Os BK, Bergen Akademiske BK, KGB Klyve-Gulset BK, Nesodden BK, Nesodden BK.

---

#### Klubbtur til Herdla, 14. - 15. januar 2017, Herdla Gjestgiveri ( 16 deltagarar)

##### Herdla Teams

1. Team Kate; Kate Fauskanger, Berit Grimstad, Elisabeth Over, Leif Juvik.
2. Team Birgit; Birgit Holsen, Marit Havelin, Tor Anders Hauge, Anders Johansson.
3. Team Linda; Linda Rasmussen, Gerd Nøttveit, Reidar Fosse, Gunnar Holm
4. Team Laila; Laila Årland, Ole Årland, Torhild Rasmussen, Anne Merete Heggland.

##### Herdla Individual

1. Anne Merete Heggland, 2. Laila Årland, 3. Gerd Nøttveit, 4. Tor Anders Hauge, 5. Ole Årland, 6. Linda Rasmussen, 7. Elisabeth Over, 8. Marit Havelin, 9. Birgit Holsen, 10. Reidar Fosse, 11. Gunnar Holm, 12. Berit Grimstad, 13. Torhild Rasmussen, 14. Kate Fauskanger, 15. Anders Johansson, 16. Leif Juvik.

##### Herdla Pairs

1. Torhild Rasmussen - Leif Juvik
2. Laila Årland - Anders Johansson
3. Anne Merete Heggland - Berit Grimstad
4. Elisabeth Over - Gunnar Holm
5. Linda Rasmussen - Reidar Fosse
6. Ole Årland - Tor Anders Hauge
7. Gerd Nøttveit - Kate Fauskanger
- Birgit Holsen - Marit Havelin

---

#### Radison Blu Scandinavia IMP pairs II, Radison Blu Scandinavia Hotel, København, 19. - 22. januar 2017

##### Hovudturnering (94 par)

72. Tor Anders Hauge - Anders Johansson

##### C-finale (nummer 49-94 i hovudturneringa)

24. Tor Anders Hauge - Anders Johansson

---

#### GolCup 2017, 21. januar 2017, Solstad Hotell, Gol (19 par)

15. Ole Årland - Laila Årland

---

BM lag 2016 - 2017, september 2016 - februar 2017, meisterpulja (8 lag)

3. Lag Hauge: Bjørn Hauge, Tor Anders Hauge, Anders Johansson, Frode Dyrstad, Leif Juvik, Kåre Kristiansen, Stig Gamlemshaug, Stein Ole Moberg.

---

Seriemesterskapet 2016 - 2017

2. divisjon avdeling A (12 lag)

2. Haugaland 1; Roger Træet, Øyvind Haga, Stig Gamlemshaug, Frode Tveito, Hallgeir Lunde, Finn Fyllingslid, Dag Heldal Paulsen/Stord BK/Kopervik BK/Os BK/Ullensvang BK/Stord BK/Bergen Akademiske BK/Stord BK

4. divisjon Hordaland, spelt i Bergen (14 lag)

1. Lag Johansson; Anders Johansson, Tor Anders Hauge, Leif Juvik, Kåre Kristiansen, Rune Fagerbakke

6. Lag Hauge; Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Carl-Otto Curran, Reidar Dale, Jørn Rekkum

12. Lag Austevoll; Ole Årland, Laila Årland, Øyvind Fedøy, Robin Jarnes

---

Dalanetreffen 2017, 25. februar 2017, AKS-kantinen, Egersund (35 par)

13. Thea Hauge - John Helge Herland, Os BK/Klepp BK

14. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

---

Leikanger BL 70 år, 11. mars 2017, Fylkeshuset Leikanger (42 par)

3. Tor Anders Hauge - Anders Johansson

---

NM Damelag, veteran og bedriftsmeisterskap, velkomstturnering, 10. mars 2017, Quality Hotel 33, Økern, Oslo (36 par)

9. Stig Gamlemshaug - Tor Einar Erlandsen, Os BK/Mostadmark BK

NM Damelag, (10) 11. - 12. mars 2017, Quality Hotel 33, Økern, Oslo (38 lag)

20. Norge jenter; Thea Hove Hauge, Katarina Eken, Thea Indrebø, Agnethe Hansen Kjensli/ Os BK/ Bergen Akademiske BK/ KGB Klyve-Gulset BK/ Nesodden BK

30. Oz-jentene; Torhild Rasmussen, Anne Merete Heggland, Tone Mikalsen, Elisabeth Østrem Over/Os BK, Os BK/Bodø BK/Os BK

38. Os-rosa; Linda Rasmussen, Gerd Nøttveit, Kate Fauskanger, Berit Grimstad/Os BK/Os BK/Bergen Akademiske BK/Bergen Akademiske BK

---

Bedriftsmeisterskapet, (10) 11. - 12. mars 2017, Quality Hotel 33, Økern, Oslo (8 lag)

5. Snåsavann as; Børre Lund, Geir Helgemo, Johan Finanger, Tor Einar Erlandsen, Rogeir Paulsen, Stig Gamlemshaug, Heimdal BK, Heimdal BK, Namsos BK, Mostadmark BK, Heimdal BK, Os BK

---

KM IMP over feltet, Hordaland Bridgekrets, 16. + 23. mars 2017, Bergen Maskinistforening, Bergen (9 par)

8. Tor Anders Hauge - Anders Johansson

---

KM par, Hordaland Bridgekrets, 1. april 2017, Bergen Maskinistforening, Bergen (15 par)

4. Leif Juvik - Kåre Kristiansen

12. Bjørn Hauge - Joleiv Midttveit

14. Ole Årland - Øyvind Fedøy

---

Olrudpåsken 2017 velkomstturnering, 7. april 2017, Scandic Ringsaker (27 par)

12. Ole Årland - Gunnar Wikstrand, Austevoll BK/Psycho BK

Olrudpåsken 2017 par, 8. - 9. april 2017, Scandic Ringsaker (58 par)

15. Laila Årland - Ole Årland

Olrudpåsken 2017 lag, 9. - 10. april 2017, Scandic Ringsaker (34 lag)

23. Juniorgjengen; Kristian Barstad Ellingsen, Christian Fredrik Johnsen, Carl-Otto Curran, Lars Eide/Sortland BK/Målselv BK/Os BK/Hamar BK

31. I siste liten; Ole Årland, Laila Årland, Mona Eng, Heidi Østvand, Trine Furunes/Austevoll BK, Austevoll BK, Stange BK, Stange BK, TopBridge BC

---

Påskebridge Ørje, 12. april 2017, Marker rådhus, Ørje (33 par)

26. Ole Årland - Laila Årland

---

Nordisk junior, Velkomstturnering, 13. april 2017, Vandrerhjemmet Oslo (34 par)

12. Thea Hove Hauge - Katarina Ekren; Os BK/Bergen Akademiske BK

15. Carl-Otto Curran - Thea Indrebø; Os BK/KGB Klyve-Gulset BK

Nordisk junior lag, 14. - 16. april 2017, Vandrerhjemmet Oslo

Gruppe A, U21 + U26 (6 lag)

6. U21, Norway girls; Katarina Ekren, Thea Hauge, Agnethe H. Kjensli, Thea L. Indrebø, Sofie G. Sjødal; Bergen Akademiske BK/Os BK/ Nesodden BK/ Nesodden BK/Nesodden BK

Gruppe B, jenter 26 + U16 (8 lag)

3. Norway boys U-21; Simen S. Helgeby, Markus Lund, Carl-Otto Curran, (+ ein frå det norske U21-laget, vekslande frå kamp til kamp); Holmestrand BK/Heimdal BK/Os BK (laget stilte utanom konkurranse om titlane)

"Bronsefinalar" 15- 16. april, 36-spels kampar

	IMP	VP
Norway U26 - Norway girls	96-41	17,68 - 2,32
Norway boys - Norway W26	136 - 71	18,48 - 1,52

---

Bridge i Havgapet, 6. mai 2017, Austevoll (23 par)

2. Leif Juvik - Joleiv Midttveit
3. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad
16. Anders Johansson - Rune Fagerbakke, OS BK/Austevoll BK
19. Ole Årland - Laila Årland
20. Carl-Otto Curran - Reidar Dale
22. Inger Marie Johansen - Åse Bauge

<b>Inntekter:</b>	<b>2016-2017</b>	<b>2015-2016</b>
Årskontingent	7 700	8 300
Kveldskontingent	49 975	54 725
Grasrotandel og loddsal	57 124	60 448
Sal av kaffi etc	19 497	26 601
Momskompensasjon	8 194	
Loddsal	1 615	
Diverse	354	5 000
Jubileumsfest		7 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>144 459</b>	<b>162 074</b>
<b>Utgifter</b>		
Kantine	12 800	16 000
Premiar	9 370	9 830
Leige av lokaler	47 800	39 500
Kontorrekvisita	40	74
Loddbøker og gevinstar	600	0
Porto	0	420
Blomster etc	900	0
Diverse omkostningar nbf *	33 938	13 062
Kontingent NBF	11 500	10 630
Annonse - Reklame	513	2 250
Varekjøp til kiosk med meir	11 929	8 886
Gebyr	114	105
Jubileumsfest		38 675
Andre kostnader	5 294	15 441
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>134 798</b>	<b>154 873</b>
<b>Renteinntekter</b>	<b>108</b>	<b>121</b>
<b>Resultat</b>	<b>9 769</b>	<b>7 323</b>
<b>Balanse **</b>		
Bankinnskudd pr 30.04 på brukskonto	80 397	70 691
Bankinnskudd pr 30.04 på sparekonto	4 842	4 822
<b>Sum</b>	<b>85 239</b>	<b>75 513</b>

**Noter:**

\*I diverse omkostninger nbf inngår støtte til ulike turneringar og representasjon

\*\*Det er eit avvik på kr 45 mellom endring i balanse og resultat. Ei krone er pga avrunding, 44 kroner betalt for mykje etter tastefeil.



*Os Bridgeklubb*

## Framlegg til styre 2017-2018 frå valkomiteen

Leiar: Anders Johansson, ikkje på val

Styremedlemer:

Reidar Dale, ikkje på val

Linda Rasmussen, ikkje på val

Wenche Nyborg, attval 2 år

Leif Juvik, attval 2 år

Revisor: Kåre Kristiansen, attval 1 år

Valkomite:      ??  
                      ??

---

**www.osbk.no**

---



OS Bridgeklubb



## STØTT OSS MED DIN GRASROTANDEL!

Grasrotandelen gir deg som spiller hos Norsk Tipping mulighet til å bestemme hvem som skal motta noe av overskuddet til Norsk Tipping. Hver gang du spiller går inntil 5 prosent av din spillinnsats til den grasrotmottakeren du velger – uten at det går utover din innsats, premie eller vinnersjanse. Vi oppfordrer deg til å støtte oss i OS BRIDGEKLUBB

Bli Grasrotgiver i dag! Du kan bli grasrotgiver i alle Norsk Tippings kanaler eller ved å sende SMS «Grasrotandelen 995591359» til 2020